



Nordhordland Ettersøkslag v/Lars Øyvind Hillestad
Alvervegen 37B
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1047 - 16/10328

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

25.05.2016

Avslag på søknad om viltfondsmidler til oppstartsstøtte

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 20.04.2016

Nordhordland ettersøks lag er eit nytt lag etablert i 2016 og består av ettersøksekvipasjer som tidlegare var med i Nordhordland jeger og fisk sin vilttelefon. Laget tilbyr ettersøksavtaler for private jegarar som ikkje har eigen ettersøkshund. Dei har fordelt ekvipasjer i store delar av Nordhordland. Dei søker om kr. 5000 i oppstartsstøtte frå kommunane i Nordhordland, i samband med at oppstart er økonomisk krevjande. Laget skal vere sjølvfinansierende i drift basert på innbetalingar frå jegarar. Laget har 24 timers vakt i heile jaktseasonen.

Vurdering:

I Meland kommune er det dei siste åra felt mellom 94-160 dyr, og det kommunale viltfondet er bygd opp av fellingsavgift innkrevd for desse felte dyra. Det kommunale viltfondet er eit bunde driftsfond som kommunen forvaltar til viltføremål innafor dei rammene som Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort fastset. Det kommunale viltfondet skal brukast til viltrelatert arbeid i kommunen. Formålet med det kommunale viltfond er å skape ein økonomisk bakgrunn for å fremme viltforvaltninga i kommunen, jf. § 1 første ledd i forskrifta.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune vedtok i sak 05/2015 den 27.01.15, å gå vidare med prosjektet forvaltning av hjortebestand 2013-2017. Administrasjonen prioriterer viltfondsmidlane i høve til det politiske vedtaket. Administrasjonen vurderer at deltaking i prosjekt forvaltning av

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

hjortebestand 2013-2017 vil stå for størstedelen av fondsmidlane i 2015. Resten av fondsmidlane må nyttast til å dekke inn kostnadane ved ettersøk og fallvilt.

Administrasjonen ser at det arbeidet Nordhordland ettersøkslag tilbyr er ein viktig teneste for å sikra at alle jegarar har tilgang på godkjente ettersøkshunder. Dette er eit viktig og lovpålagt krav til alle jegarar som skal jakte storvilt etter viltlovgivinga. Kommunen kan likevel ikkje gi tilskott til tiltaket då viltfondet ikkje er stort nok til å dekke anna enn allereie planlagde tiltak.

Vedtak

«Meland kommune avslår Nordhordland ettersøkslag sin søknad om økonomisk støtte frå viltfondet til oppstart av ettersøkslaget. Grunnlaget går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Retningslinjer for viltfondet i Meland kommune, som er heimla i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nordhordland Ettersøkslag v/Lars Alvervegen 37B 5911
Øyvind Hillestad

ALVERSUND